

LO
Youngsgaten 11
0181 Oslo

Vår sak nr:453/12 BA

Arkivnr: 011Deres ref:

Dato:13.03.2012

HØRING – OM FORSLAG TIL ENDRINGER I FOLKETRYGDLOVEN – STØNAD TIL UTGIFTER TIL UNDERSØKING OG BEHANDLING FOR SJKDOM HOS TANNPLEIER MED MER

Føremålet med høyringa, er å lage ein meir hensiktsmessig fordeling av oppgåver mellom tannpleiarar og tannlegar.

I St.meld.nr 35, går det fram om framtida si tannhelseteneste. Dette høyringsforslaget er eit ledd i denne stortingsmeldinga som har som mål at det skal verta enklare for brukarar av tannhelsetenesta til å velje behandlar ut frå kvalitet og pris, og kunne lettare ivareta rettane sine.

Ut frå lov om folketrygd § 5-6, kan personar som er over 20 år, ha rett til stønad til undersøking og behandling hjå tannlege for definerte sjukdomar og lidingar. Det er altså eit vilkår for undersøking og behandling, at denne vert utført av ein tannlege.

Sidan 2003 er tannpleiarutdanninga blitt tre-årig og auka difor kvalifikasjonane til tannpleiarane. Tilbod om å kunne ta denne utdanninga vil auka frå og med 2012. Ei undersøking viser at allmenntannlegar i privat sektor i gjennomsnitt bruker 40 prosent av arbeidstida si til oppgåver som ein tannpleiar vert anset som kvalifisert til å utføre.

Undersøking viser at tannpleiarar utfører deler av behandling av periodontitt, men det er tannlegen som lyt fylla skjema for refusjon og sende inn dette. Dagens utforming av regelverk er til hinder for at tannpleiarar kan inngå ein avtale om direkteoppgjjer med HELFO. Det vert anset som marginalt at det skal bli dobbeltarbeid dersom regelverket opnar for at to forskjellige yrkesgrupper kan utløysa refusjon frå folketrygda for same type behandling.

Vidare er det diskutert kva type behandling av sjukdomar som ein tannpleiar. I denne

omgang er det aktuelt å opne for periodontitt.
Ettersom det er fastslått tilskot til fellestiltak for tannlegar, opnar ein no opp for at det også skal gis tilskot til fellestiltak for tannpleiarar.

NTL er positive til lovendring i lov om folketrygd § 5-3, der det opnar for at tannpleiarar kan få refusjon etter denne endringa. Vi er også positiv til forslag til ny bestemmelse i lov om folketrygd § 5-6 a.

NTL synes dette er eit riktig å prioritere tannhelsa til befolkninga og gje fleire mogeligheiter til eit rimeligare tilbod for fleire.

Med hilsen
NORSK TJENESTEMANNSLAG

Anita K Solhaug

Berit Asker